

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 2/2016

Møtedato: 27.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Faste tilskot, fornya behandling

Kommunerevisjon krev at fjellstyret sine tilskotsordningar blir teke opp til ny behandling minimum ein gong kvar fjellstyreperiode.

Fjellstyret har følgjande tilskotsordningar som må behandlast på nytt:

1. Tilskot til utkjøring av stølspost: fjellstyret har dekkja halvparten av utgiftene, ca kr 10.000.
2. Tilskot til gratis jegerprøve for ungdom: Varierende sum frå år til år avhengig av deltakarar, snitt kr 5000.
3. Tilskot til aggregat/straum: Tilskot på inntil kr 50.000 pr bruk. Tilskotet har vore gjeve på vilkår av at kommunen gir tilsvarande tilskot. Vilkår for tildeling av tilskot er fastsett i sak 37/2008.
4. Tilskot til turmål, innkjøp av premie (kopp), ca kr 10.000.

Kommunen var tidlegare samarbeidspartnar med turmål, men trekte seg ut i 2015 pga innsparingar. Vestre Slidre sparebank har i 2015 dekt 50% av kostnadene til koppar. Det er ikkje avklara om banken vil vera med som fast samarbeidspartnar. Fjellstyret må ta opp saka til ny behandling ein ikkje får med ein samarbeidspartnar som delar utgiftene.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vidarefører tilskotordningane.

Vedtak:

Fjellstyret vidarefører tilskotordningane.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.1.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Revisjon